

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3.

Fylke: Møre & Romsdal.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Fre.

Emne: Brynet.

Bygdelaag: Batufjord.

Oppskr. av: Anton Lørdi.

Gard: Lørdi

(adresse): Førsat.

G.nr. 37 Br.nr. 1 og 3.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

So vidt eg veit hev det ikkje vore noko brigde i bruken av brynet her i annans minne. Heller ikkje er det nokon tradisjon um eit slikt brigde.

1. Bryne er det vanlige ord for brynet i bygda. Aa bryne ljæn kallar me „å kvetkja ljæn“. Hlin er her i bygdi namn på eit finare slag bryne, ikkje so grov stin som i eit vanleg bryne til å kvesse ljæ med. Hlin vert brukt til å kvesse mindre bitjarn med t. d. øksar, høvltinger, knivar og saksar.
2. Det er mange no som hev gått over til å bruke bryner (hiner) av kunststein. Men mange (iser dei eldre) brukar også dei gamle bryner av naturstein. Det finns ikkje naturleg brynestein i bygda, so dei må kjøpa bryner frå andre stader.
3. Alle bitjarn vert fyrst slipt på ein rund slipestein og etterpå finkvist med bryne eller hin.
4. Folk hugsar ^{ikkje} noko um at ljæ eller sigd vert kvist på annan måte um ved å slipa dei på slipestein som var rund og som ein drog med ei sjuiv.

5. Når folk slo i utmarki, slik at dei vart borte heile dagen eller fleire dagar, so tok dei med seg ein mindre, rund slipestein som dei slipte ljåen på.
6. Som oftast slo dei ein halv dag med ljåen fyr dei slipte den att. Dei prøvde helst å grue seg utan å slipa for mykje. Ljåen varde lenger då.
7. Det vert ikkje brukt ymse slag bryner til ljåen. Her ikkje høyrte dei hov brukt bryner av tre.
8. Folk let ljåen sitja på orvet når dei sliper. Det kjem vel av at ljåen er bunden fast til orvet med leger eller streng. Når dei sliper held dei alltid eggen mot seg.
9. Her vert brukt berre langorolja. Når dei bryner set dei enden på orvet i marki og let ljåen smette under vinstre armen etterkvart som dei bryner. Dei bryjar alltid inne ved orvet, når dei bryner, og sluttar ved ljåspissen.
10. Koppen som brynet vert bane i beallar me brynestokk. Den er oftast laga av tre. I ein rund trestokk, ca. 18 cm. lang og 10 cm. i diameter, borar dei ut eit hol umlag 7 cm. i tvermål. So fester dei ein jarnkrok i øvste kanten, og den huktar dei på beltet når dei slar. Fyrr var det mykje brukt å klada brynestokken med remsar av bjørkenever utanpå. Den vart finare då og varde lenger. I seinare tid lagar dei også brynestokkar av jarn og blikk med litt lørforing inni.

Dei som brukar bryner (hinner) av künst-
stein, ber det oftast i tünna.

11. Her ikkje höyrt at nokon hev bore brynet
i eit horn.
12. Brynestokken hekkar ein på beltetrimmi
eller bukse rett bak.
13. Dei hev vatn i brynestokken som brynet
stund i medan dei slar. Dei fleste brukar
å fuktta også bryner av künststein med
vatn. Olje brukar vist ingen.
14. Det mjølet som vert på brynet ved bry-
ningi kallar me brynegorr.
- 15, 16. Her ikkje höyrt at brynegorr hev vore
brukt som lokjeråd mot noko slag sjuk-
dom.
17. Heller ikkje hev eg höyrt at brynesteinen
skulde verta betre ved å liggja i mair-
tve eller jord.
18. Eg hev ikkje höyrt nokor forteljing um
at brynet talar.
19. Når dei spütta på brynet sa dei berre "vri"?
20. So vidt eg kjemmer til er det ikkje her kjint
nokon ramser eller visor som vert sagt
fram under bryningi. —